



JERNBANEVERKET INFORMERER:

Åndalsnes stasjon

Mars 2011



Fornya stasjonspark

Jernbaneverket skal oppgradere parken på Åndalsnes stasjon. Dette er eitt av fleire tiltak som skal gjennomførast for å utvikle Raumabanen vidare som turistbane.



Prosjektleder

Ivar Olsen
Tlf: 977 67 866
Epost: Ivar.Olsen@jbv.no



Nabokontakt

Hedda Nossen
Tlf: 474 83 590
Epost: Hedda.Nossen@jbv.no





Illustrasjoner: Tolstrups 3D Studio.

Oppgradering av park og plattformer

Arbeida med parken vil starte opp i løpet av mars 2011. Innan slutten av mai skal desse arbeida og dei gjenstående arbeida med oppgradering av plattformene på Åndalsnes stasjon gjerast ferdig.

Bakgrunn for prosjektet. Raumabanen er 114 km lang og går frå Dombås til Åndalsnes. Heilt sidan banen vart opna i 1924, har han vore attraktiv for turistar. Sidan 2008 har NSB tilpassa tilbodet for turistar i sommarmånadene. Dei tilbyr guiding på tre språk, fotostopp og saktekøyring.

Jernbaneverket og NSB sitt eigedoms-selskap, Rom Eiendom, har sett i gang fleire tiltak for å oppgradere Raumabanen og leggje til rette for auka turisttrafikk på strekninga. I 2009 blei stasjonsbygningen på Åndalsnes fornya. Stasjonsbygningen, som er frå 1924, hadde ein tilhøyrande park. Jernbaneverket skal no oppgradere parkanlegget med nokre av dei same elementa som den opphavlege parken hadde.

Ny stasjonspark. Jernbaneverket, ved anleggsgartnar Jan Erik Sandal AS, skal lage parkareal vest og aust for stasjonsbygningen. Det skal skipast grøntareal med grasplen og tre.

Eksisterande lauvtre vil bli ståande, og det vil i tillegg verte planta til saman åtte nye tre. Det vil bli lagt ny kantstein og skiferheller rundt parkområda og langs plattformene. Området skal vidare oppgraderast med nye benker, belysning, miljøstasjonar og sykkelparkering.

Statuen av Rallaren vil bli ståande på same staden som i dag.

Andre arbeid ved stasjonen. For å auke kapasiteten med to spor til plattform, slik at stasjonen kan betene to tog til plattform samtidig, bygde Jernbaneverket i 2009 ny plattform på Åndalsnes stasjon.

Hausten 2010 starta arbeidet med å

oppgradere den eksisterande plattform til spor 1. Plattformene skal utstyrt med nye monitorar, høgtalaranlegg, lysanlegg og skilttavle.

Alle arbeida med oppgradering av plattformer og park skal gjerast ferdig i løpet av våren 2011.

Konsekvensar for reisande. Så lenge arbeida med plattform går føre seg, vil plattform til spor 1 vere stengd. Reisande må nytte plattform til spor 2.

Når arbeida med plattform til spor 1 er ferdige, skal Jernbaneverket utføre nokre etterarbeid på plattform til spor 2. I denne perioden må reisande nytte plattform til spor 1.

Jernbaneverket seier seg lei for dei ulempene anleggsarbeida medfører for reisande.





JERNBANEVERKET INFORMERER:

Åndalsnes stasjon

Juni 2011



Foto: Leif J. Olestad

Fornya stasjon på Åndalsnes

Jernbaneverket har fornya stasjonsparken på Åndalsnes. Oppgraderinga av parken er eitt av fleire tiltak som er gjennomførte for å utvikle Raumabanen vidare som turistbane.



Prosjektleiar

Ivar Olsen
Tlf: 977 67 866
Epost: Ivar.Olsen@jbv.no



Nabokontakt

Hedda Nossen
Tlf: 474 83 590
Epost: Hedda.Nossen@jbv.no





Foto: Christian Wesenberg/Jernbaneverket.

Oppgradering av park og plattformer

Jernbaneverket har i løpet av dei siste åra modernisert Åndalsnes stasjon. No er arbeida med stasjons-parken og plattformene ferdige.

Bakgrunn for prosjektet. Raumabanen er 114 km lang og går frå Dombås til Åndalsnes. Heilt sidan banen vart opna i 1924, har han vore attraktiv for turistar. Sidan 2008 har NSB tilpassa tilbodet for turistar i sommarmånadene. Dei tilbyr guiding på tre språk og stopp for foto-grafering ved Kylling bru og Trollveggen. På dei mest spektakulære stadene køyrer toget ekstra sakte.

Jernbaneverket og NSB sitt eigedoms-selskap, Rom Eiendom, har gjort fleire tiltak for å oppgradere Raumabanen og leggje til rette for auka turisttrafikk på strekninga.

I 2009 blei stasjonsbygningen på Åndalsnes fornya. Stasjonsbygningen, som er frå 1924, hadde ein tilhøyrande park. Jernbaneverket har no oppgradert parkanlegget med nokre av dei same elementa som den opphavlege parken

hadde, som rekkja av kastanjetre og dei rektangulære grasplenane.

Ny stasjonspark. Jernbaneverket, ved anleggsgartnar Jan Erik Sandal AS, har laga parkareal vest og aust for stasjonsbygningen. Det er skipa fleire grøntareal med grasplen og tre.

Eksisterande kastanjetre står att, og det er i tillegg planta til saman åtte nye kastanjetre. Det er lagt ny kantstein og skiferheller rundt parkområda og langs plattformene.

Området er vidare oppgradert med nye benker, belysning, miljøstasjonar og sykkelparkering.

Andre arbeid ved stasjonen. For å auke kapasiteten slik at stasjonen kan betene to tog samtidig bygde Jernbaneverket i 2009 ny plattform på Åndalsnes stasjon.

I 2011 har vi også oppgradert den eksisterande plattformen til spor ein.

For at dei reisande skal få god informasjon er det montert nytt høgtalaranlegg og nye monitorar som viser togavgangane.

Alle stasjonstiltaka på Raumabanen har til saman kosta om lag nitten millionar kroner. Mesteparten av midlane er investert på Åndalsnes stasjon. Dette inkluderer også tidlegare utførte arbeid for å flytte reingjering og drifting av tog vekk frå publikumsområdet og opprydding i sporarrangementet på stasjonen.

Takkar for samarbeidet. Jernbaneverket ynskjer å nytte høvet til å takke entreprenørar, Rauma kommune og NSB for eit godt samarbeid.

Jernbaneverket
Biblioteket

JBV



11TU00476

www.jernbaneverket.no



Jernbaneverket